

VEDLEGG 2 - VURDERING AV SØKNADER, REGIONALE TILRETTELEGGINGSMIDLAR HAUSTEN 2020

Tiltak	Søkar	Sum søkt	Total-	prosent	Kort omtale	Vurdering	Vedtak-	I % av
1. Prosjekt Friskere gris med SPF-Rogaland og Vestland	Norsvin SA	600 000	3 600 000	17 %	Det overordna målet til Norsvin er at heile den norske svinepopulasjonen skal definert som SPF innan år 2030. SPF står for «spesifikk patogen frihet». Norsvin ser på SPF som det viktigaste tiltaket svineæringa kan bidra med i høve til betre dyrehelse og betre dyrevelferd og det er også det tiltaket som dei forventar vil gje størst effekt i høve til å redusere CO2utsleppet frå norsk svineproduksjon. Slik vil SPF kunne bidra til auke konkurransekraft og å halde oppe norsk svineproduksjon. Prosjektet skal bidra til å nå desse målsetjingane i Vestland og Rogaland fylke, og er eitt av fleire liknande prosjekt i landet.	Prosjektet er ein del av ei landsdekkande satsing for svineæringa som er venta å gje positiv effekt på dyrehelse, dyrevelferd og klima. Styrka omdømme for landbruket generelt og for svineæringa spesielt er viktige effektar. I sum vil det gje styrka konkurransekraft, betre økonomi for bonden og bidra til å oppretthalde svineproduksjonen. For å lukkast, må tiltak gjennomførast koordinert i heile landet. det er ein styrke at næringa støttar opp om prosjektet også økonomisk. I vår vart det søkt om eit prosjekt for Vestland som det vart reservert pengar til. Sidan det også var planar om eit prosjekt i Rogaland har det vore jobba med å få til dette felles prosjekt. Det gjer sjansen for å nå prosjektmåla større. At næringa støttar opp om prosjektet også økonomisk, er ein styrke.	600 000	17 %
2. Konsekvensar av krav om lausdrift i mjølkeproduksjonen i Vestland frå 2034	NIBIO	375 000	500 000	75 %	Prosjektet vil undersøke konsekvensane av lausdriftskravet for Vestland fylke når det gjeld å halde oppe mjølkeproduksjonen, tal gardsbruk og produsentmiljø og ringverknader. Prosjektet skal skaffe eit kunnskapsgrunnlag om investeringsbehov og andre relaterte behov som vil sikre økonomisk og klimatilpassa berekraft for mjølkeproduksjonen i Vestland i kjølvatnet av lausdriftskrav frå 2034. Resultata av prosjektet vil bidra til auka kunnskap om korleis ein i framtida kan sikre auka verdiskaping for mjølkeproduksjonen i fylket, samt oppretthalde fylket sin del av mjølkeproduksjonen i Noreg	Tematikken til prosjektet er viktig for landbruket i Vestland. Det krev opp mot 30 årskyr for å få økonomi i eit prosjekt om å legge om til lausdrift. Mjølkeproduksjonen i Vestland er derimot prega av mange små mjølkeprodusentar. Prosjektet vil m.a. bidra til eit kunnskapsgrunnlag om kva som må til for å oppretthalde fylket sin del av mjølkeproduksjonen i Noreg. Det vert sett av inntil 300 000 kr til prosjektet.	300 000	60 %
3. Hjortebeiting i eng - kostnader og ulike tiltak	NLR	280 700	401 000	70 %	Gjennom eit treårig prosjekt ynskjer NLR Vest å gjere registreringar på gardsnivå på fire ulike stader i Vestland for å få eit godt kunnskapsgrunnlag om effekten av hjortebeiting på avlingsmengd, avlingskvalitet og skade på attlegg/eng. Dei skal også utvikle og prøve ut praktiske tiltak som kan redusere hjortebeitinga; alt frå ulike typer inngjerdingar til å utvikle frøblandingar som toler beiting. Kunnskapen skal formidlast til bønder og forvaltning gjennom fagmøte, markdagar, fagartiklar og podcast og gje grunnlag for rådgjeving til bøndene om lønsemda i å gjerde inne enga.	Kva avlingstap hjortebeiting kan gje, er godt dokumentert gjennom NIBIO-prosjekta «Kostar hjorten meir enn han smakar» frå 2010 og 2014, som er omtala i søknaden. Prosjektet gjev svar på korleis skadebeiting av hjort påverkar avlingsnivået i fulldyrka eng, utgang av dei viktigaste grasartane i eng på Vestlandet og korleis ein kan taksere tap som følgje av hjortebeiting. NLR har gjennom eit tidlegare prosjekt, gjort grundige registreringar av avlingstap og kostnader med hjortebeiting på eitt bruk i Fjaler. Å dokumentere avlingstap på 4 nye stader vil ha liten verdi då den enkelte bonde må vurdere tiltak ut frå situasjonen på sin gard. Dei fleste kommunane har som mål å redusere hjortebeitinga og tildeler løyve ut frå det. Auka avskyting kan for mange vere eit billigare, enklare og meir effektivt tiltak enn å setje opp gjerde.	0	0 %

4. Forprosjekt - Redusert Klimaavtrykk frå Vestlandsjordbruket	Vestland Bondelag på vegne av partnerskapen	300 000	425 000	71 %	<p>Forprosjektet skal avklare om det er trøng for eit eige klimaprojekt for landbruket i Vestland. Gjennom forprosjektet vil ein kartlegge kva som allereie skjer på området, kvar står bonden i dette arbeidet og kva tiltak vil vere aktuelle å prioritere i eit eventuelt prosjekt.</p> <p>Den 21. juni 2019 inngjekk Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag ei avtale med regjeringa om å redusere klimagassutsleppa og auke opptaket av karbon frå jordbruket i perioden 2021-2030. Målet er eit mest mogleg klimavenleg og berekraftig jordbruk.</p> <p>Som svar på avtalen som vart inngått i juni 2019, har landbruket utarbeidd sin klimaplan. Bøndene i Vestland må bidra til å nå måla i klimaavtalen. Dette vil krevje mykje av den einskilde bonde og næringa samla.</p> <p>Mykje arbeid blir gjort for å redusere klimaavtrykket frå landbruket. Gjennom forprosjektet ynskjer ein å kartlegge kva som blir gjort for å redusere klimaavtrykket frå landbruket i Vestland, og finne ut om vi må initiere spesifike Vestland-tiltak for å nå målsetjingane for eit klimatilpassa landbruk i Vestland. I dette ligg også å vurdere trøng for eit eige klimaprojekt i Vestland og innhald i eit eventuelt prosjektet.</p> <p>Prosjekteigar for forprosjektet er tenkt å vere Landbrukssekskapet i Vestland som er under skiping. Det er tenkt å tilsette ein prosjektleiar med arbeidsomfang lik ei 100% stilling i 4 månader, men det kan gjennomførast med mindre stillingsprosentar over lenger tid. Mange aktørar er planlagt å vere involvert i forprosjektet i større og mindre grad. Prosjektperioden er tenkt å vere 1 år med oppstart frå 1. januar 2021.</p>	<p>Dette er eit viktig arbeid, og gjennom eit forprosjekt kan ein legge grunnlaget for ei koordinert og samla oppfølging av klimaplanen i landbruket i Vestland og for partnerskapen sin samla innsats. Mykje skjer allereie i dei ulike organisasjonane i dag, og det er viktig at ein klarer å jobbe koordinert og samla, og lære av kvarandre. Vi synest summen og støttedelen er noko høg, men legg til grunn at dette er greitt sidan det er eit forprosjekt. Dersom forprosjektet peikar på eit vidare hovudprosjekt må organisasjonane vere budde på å bidra meir, og forprosjektet bør kartlegge korleis vidare arbeid skal løysast også med tanke på finansiering. Vi vil peike på at eit klimaprojekt/hovudprosjekt ikkje er einaste løysinga, det kan også vere eit formalisert nettverk etc. og ber om at forprosjektet vurderer ulike former og organisering for eit vidare samla og koordinert løft for klimaarbeidet i Vestland.</p>	300 000	71 %
5. LokalGrønt i Vekst	Stiftelsen Bondens marked Norge	302 000	1 315 000	23 %	<p>Prosjektet ynskjer å mobilisere til auka småskalaproduksjon, 1-4 da per bruk, av grønsaker for lokalmarknaden. Dette skal gjerast gjennom å tilby kurs etter same prinsipp som i prosjektet Vestlandbondens grønsakkurv. Prosjektet vil vektlegge lønnsemd, høg agronomisk kvalitet, rasjonell drift og profesjonell marknadsføring mot ein lokalmarknad. Eit oppstartsprogram for marknadshagedrift er planlagt å prøve ut. Å gjere lokale grønsaker lett tilgjengelege gjennom lokalmarknaden trur ein kan bidra til eit kosthald med mindre del kjøt i Vestland fylke. Omsetninga skal skje gjennom etablerte salskanalar for lokalmat då det ikkje er lett for nye produsentar å få levert gjennom dei tradisjonelle omsetningsorganisasjonane. Målet er at grønsakproduksjon skal skape ei vesentleg næringsinntekt på garden sjølv om ein veit lite om kva for inntening ein kan forvente av ein marknadshage eller småskala grønsaksproduksjon, og kva for driftsform ein må velje for å sikre god inntening.</p>	<p>Det er eit stort og positivt engasjement for å auke småskala grønsakproduksjon og fleire prosjekt som også er omtala i søknaden, har dette som mål. Bondens Marked fekk i vår støtte til prosjektet Vestlandbondens grønsakkurv(VBGK) etter tidlegare å ha fått støtte til forprosjekt. VBGK går fram til vår/sommer 2021 og har mål, innhald og delvis prosjektperiode som er samanfallande med prosjektet det no er søkt om. Helst skulle VBGK vere avslutta og evaluert før nytt prosjekt. Prosjektet får likevel støtte for 1 år og under føresetnad av deltakaravgift på same nivå som i VBGK. Trøng for prosjekt etter det, må vurderast ut frå resultat av desse to prosjekta og andre prosjekt som er i gang.</p>	200 000	15 %
6. Nettverk for utprøving av gardsspesifikke løysningar for regenerativt landbruk i	Sogn Jord og Hagebrukskule	238 000	496 000	48 %	<p>Sogn Jord- og Hagebrukskule (SJH) har dei siste tre åra arbeida med utvikling og implementering av regenerative agronomiske tiltak på gardsnivå gjennom prosjektet Agronomisk optimalisering av karbonbinding og jordfruktbarheit. Erfaring og kunnskap gjort i dette prosjektet er viktig inn i utviklinga av undervisninga og det faglege opplegget på skulen og kan vere eit ledd i å hjelpe andre i landbruk i å utvikle tiltak tilpassa eige gard.</p> <p>SJH ønskjer å utforme ein struktur og grunnlag for å utvikle ein søknad om eit regionalt nettverk i Vestland for erfaringsutveksling og utprøving av karbonrette tiltak innan driftsmetodar skildra for regenerativt landbruk.</p> <p>Eit sentralt mål med prosjektet er å finne ein struktur for eit regionalt nettverk, samt å finne dei rette gardsbruka som ønskjer å bidra og være med i eit slikt nettverk. Søkjar ser føre seg eit nettverk som representerer ulike produksjonar.</p> <p>Søkjar ynskjer med dette forprosjekt å ha ferdig ein søknad til landbruksdirektoratet sommaren 2021 om eit prosjekt for perioden 2021-2024. Ein slik søknad vil rette seg inn mot den varsla satsinga på å utvikle regionale nettverk som Landbruksdirektoratet si handlingsplan for jordhelse beskriv.</p> <p>SJH vil stå som prosjekteigar, men vil knyte til seg ei prosjektgruppe som skal sikre oppfylging av måla.</p>	<p>Regenerativt landbruk og betre karbonbinding er aktuelle tema, og vil nok også ha stor merksemd framover.</p> <p>SJH er ein aktør med erfaring og kunnskap innan temaet, og ved å knyte til seg erfaring frå andre prosjekt og samarbeidspartnarar meiner vi dei er ein god aktør til å drive eit slikt nettverk fram. Per no er ikkje prosjektet fullfinansiert, og ei justering av prosjektet eller anna løysing på finansiering vil vere ein føresetnad for endeleg tilskot. Det må vere på plass ein rimeleg del anna finansiering, eller meir eigeninnsats for å løyse ut tilskotet frå fylkeskommunen. Dette blir følgt opp gjennom ein vidare dialog med søkjar.</p>	238 000	48 %

7. Sidereple – vurdering av sortstilgang, eigenskapar og dyrkingsteknikk egna for norske tilhøve	Nibio, Ullensvang	300 000	400 000	75 %	Prosjektet har som mål å vidareutvikle siderproduksjonen i Hardanger med nye smakar og tilgang på frukt gjennom å finne ut om utanlandske sidereplesortar og dyrkingsteknikkar kan vere eigna i Noreg. Kartlegginga skal skje gjennom litteraturstudie av publiserte vitenskaplege artiklar og rapportar om sidereplesortar og dyrkingsteknikk. I tillegg skal ein ha kontakt med forskingsinstitutt/universitet internasjonalt. Arbeidet skal munne ut i ein søknad til Noregs Forskringsråd om utprøving av utanlandske industrieplesortar og dyrkingsteknikkar som kan vere aktuelle til bruk i norsk siderproduksjon.	Siderproduksjonen er i framvekst og det er viktig å legge til rette for å utvikle nye smakar og å sikre at det blir nok eple med rett kvalitet. Prosjektet har som mål å legge grunnlag for eit forskingsprosjekt. Eit samarbeid med sidernæringa i heile Vestland og med Njøs frukt og bær, vil gjere prosjektet sterkare og sjansen til å få støtte større. Det kan også vere potensial til å utvikle dette til eit forprosjekt og søke om forskingsmidlar.	0	0 %
8. Hardanger Internasjonale Siderfest 2021	Hardanger Internasjonale Siderfest	200 000	1 085 000	18 %	Gjennom Hardanger Internasjonale Siderfest frå 5. til 8. mai i 2021 ynskjer siderprodusentane i Hardanger å ta ein nasjonal og internasjonal posisjon i ein sidermarknad under sterk utvikling. Prosjektet skal bygge oppunder ekspansive planar for sidernæringa i Hardanger kor mål er å meir enn doble siderproduksjonen - fra rundt 430.000 liter i 2020 til 1 million liter innen 2025. Aktivitetar i prosjektet er fagseminar for bransjen, publikumsaktivitetar som treff restaurantbransjen og reiselivet, besøk på gardane og kulturaktivitetar.	Prosjektet bidreg til å nå målet i handlingsplanen om auka lønsemd og mangfald i lokal mat, drikke og landbruksbasert reiseliv. Sidernæringa skapar positivitet i fruktning og bidrag til rekruttering av fruktbønder. Arrangementet støttar opp om målet deira om vekst i siderproduksjon. Positivt med fagdag og kompetanseheving for siderprodusentane. I ei dyster korona tid kan siderarrangementet også vere eit positivt bidrag til reiselivet i regionen. Prosjektet bør nyttta høve til å i enda større grad styrksa samarbeidet med sidermiljøet i Sogn.	200 000	18 %
9. Sider-VM i Bergen 2021	HANEN	495 000	905 000	55 %	I 2021 vert Sider-VM flytta frå Frankfurt til Bergen. Sider-VM 2021 i Bergen skal ha Grieghallen som hovudarena i 2 dagar hausten 2021. Til sjølve Sider-VM arrangementet vert søkt nasjonal finansiering. Denne søknaden gjeld aktivitetar for både publikum, produsentar og Horeca næringa som skal vere knytt til arrangementet. I 2021 vil det vere nærmare 40 siderprodusentar i Norge med ein majoritet i Hardanger og i Sogn. Marknadsføring av alkohol er forbode i Norge. Det gjer at festivalar og konkurransar er viktige arenaer for utviklinga av marknaden for siderprodusentane. Eit Sider-VM vil få regional, nasjonal og internasjonal merksemd. Noko som kan gje auka kjennskap til norsk sider som eit alternativ for importerte produkt som musserande prosecco og cava, stille vin og dessert vin. Mange av dei norske produsentane spesielt frå Vestlandet har skåra høgt og fleire gonger vunne sine kategoriar i ulike internasjonale konkurransar, seinast under CiderWorld 2020. Gjennombrøtet for norsk sider internasjonalt har nok kome som ei overrasking på mange i det internasjonale sidermiljøet. Utvikling av sidernæringa har bidrege til å løfte både økonomien og omdømme til norsk fruktning. Denne utviklinga er ikkje sjølvstøtt og hovudpoenget med eit Sider-VM i Bergen og aktivitetane knytt til arrangementet er å bidra til å vidareføre og forsterke den positive utvikling dei siste 5 årene for å sikre god avsetning på produkta for norsk siderbønder.	Sider er identitetmarkør lokal mat og drikke Vestland. Siderproduksjon har god verdiskaping, vidare bidreg produksjonen til rekruttering og opptimisme på fruktgardane i fylket. Norsk sider prøver å ta ein del av marknadsdelen til importert musserande. Alkoholreklame er ikkje lov i Norge. Eit internasjonal arrangement skapar nasjonal merksemd og styrke sider sin posisjon i den norske marknaden. I 2018 vant Fanaosten Osten-VM på heimebane i Bergen. Arrangementet og plasseringane gav langvarig positiv merksemd til ostnæringa i region. Eit sider arrangement av dette kalbriet trekk til seg viktige ressursperson frå inn og utland. For å sikre langvarig effekt av arrangement i region er det viktig legge til rette for gode publikumesaktivitetar og kompetanse- og kunnskapsaktivitetar retta mot sider produsentar.	300 000	33 %
10. Samarbeid mellom kokker og lokalmatprodusentar sikrer utvikling og innovative lokalmatprodukter - 2	Matarena AS	250 000	420 000	60 %	Kokk - lokalmatprodusent prosjektet som vart gjennomført på forsommern 2020 var vellykka. Kokkar og lærlingar har gjennomført produktutviklingsworkshop hos lokalmatprodusentar på gardene, og nye produkt og smårettar blir lansert framover. Basert på gode erfaringar og godt resultat, samt et ynskje frå produsentane om å sette meir fokus på produktutvikling framover, blir det søkt om eit kokk- lokalmatprodusent prosjekt - 2.	Prosjektet bidreg til å nå målet i handlingsplanen om auka lønsemd og mangfald i lokal mat, drikke og landbruksbasert reiseliv. Korona pandemien gjer at er ei vanskeleg tid for mange lokalmatprodusentar og kokkar. Kokkane kan nytte tida si til å knyte bånd til lokalmatprodusentar og bidra til produktutvikling. Då kan dei nytte ledig kapasitet i ei vanskeleg tid til noko positivt.	170 000	40 %
11. Inspirasjon til lokal foredling av mjølk 2021	Sogn og Fjordane landbrukselskap	91 300	187 500	49 %	Gardsbruk i Vestland med mjølkekvote på inntil 100 000 liter skal sjå kva for mulegheiter som ligg i lokal foredling og omsetnad av mjølk. I dag er det lite foredling av kumjølk i Vestland. Der er eit utnytta potensiale for foredling og marknaden etterspør fleire produkt. Handverksost er etterspurt og det er plass til fleire produsentar. Gardsbruk i Vestland kan vere med å bidra til auka lokal verdiskaping.	Mjølk er den viktigaste produksjonen i Vestland. Vidareforedling av mjølk kan bidra til at mjølkebonden får fleire bein å stå på. Prosjektet støttar opp under handlingsplanen for landbruk i Vestland gjennom å bidra til auka lønsemd og mangfald i lokal mat, drikke og landbruksbasert reiseliv.	91 300	49 %

12. Fjord Norge regionen skal ta posisjon som landets fremste mat- og drikke destinasjon	Fjord Norge	100 000	495 000	20 %	Fjord Norge ønskjer å ta posisjonen som Noregs fremste mat- og drikke destinasjon, gjennom eit prosjekt som skal identifisere og definere "smaken av Fjord Norge". Gjennom fokus på mat- og drikkeopplevingar i regionen (også gjennom marknadsføring) ønskjer Fjord Norge å få turistane til å bli lenger i regionen, styrke heilårsreiselivet i regionen, samt økt lønnsemd for lokale mat- og drikkeaktørar. Prosjektet skal kartlegge Fjord Norge-regionens kvalitetsleverandørar innan berekraftige lokale mat- og drikkeopplevingar, som lokale produsentar, besøkgardardar, resturat/hotell med lokalmatprofil og opplevingsbedrifter som driver med mat og drikke. Prosjektet skal foreslå 8-12 aktørar for kvart av fylka, som opplevast som tydelege spydspissar innan lokale mat- og drikkeopplevingar. I prosjektet vil Fjord Norge etablere samarbeid mellom reiselivet og slike aktørar for å tilby produkt og tenester som er tilgjengelege for turistar som besøker regionen.	Prosjektet kan medverke til auka lønnsemd og mangfald innan lokalt mat og drikke og landbruksbasert reiseliv. Landbruket i Vestland kan gjennom prosjektet få eit positivt omdøme ved at lokalt mat og matkultur blir marknadsført også innan reiselivet. Fjord Norge søker også tilskot frå Rogaland og Møre og Romsdal, og aktivitet i prosjektet er likt fordelt mellom alle tre fylka. Støtta er dermed redusert til å vere den same som er søkt om hos de to andre fylka.	50 000	10 %
13. "NM i Honning" i samband med kompetansehevande fagmøte for bierøktarar, - "Vossamøtet 2020".	Bjarte Tennfjord	40 000	80 000	50 %	Målet med Vossamøtet er kompetanseheving blant bierøktarane og heving av kvalitet og volum på honningproduksjon. Ti ulike forlesarar bidreg med faglege innlegg. Særskilt tema i år er urban bierøkt. NM i Honning skal forsterke norske bierøktarar sin stoltheit over honningen sin, motivere til innovasjon i i honning for å øke sortiment av norske varianter i butikkhyllene og stimulere til økt forbruk. Dei som deltek i NM får ein profil på sida til HonningHub fram til neste NM.	Vossamøtet 2020 vart avlyst grunna korona. Neste Vossamøtet er 22-24. oktober 2021.		0 %
14. Auka tilknytting og meir gjensidig nytte mellom landbruket og reiselivet i Nordfjord	Stryn næringshage	250 000	530 000	47 %	Stryn Næringshage ynskjer å jobbe saman med med landbruksnærings, matnærings og reiselivsnærings i kommunen for å tilby turistar fleire aktivitetar, opplevingar og heilt lokalt tilverka mat. Marknadsundersøking er ein del av prosjektet. Prosjektet ynskjer å finne ut korleis råvarer laga i Nordfjord reint logistisk og praktisk kan verte att i regionen og bli brukt i mat i serveringsbransjen i staden for å bli transportert ut av bygda og forsvinne anonymt i matkjeda. Målet er at turistar som kjem til Stryn og Nordfjord i 2021, skal få tilbod om rettar laga av lokale råvarer på kafear og restaurantar og at fleire gardsbruk skal ha tilbod for turistar. Vidare skal prosjektet bidra til at fleire råvareprodusentar, tilverkarar og serveringsstader tek i bruk "Nordfjord Smak"-logoen. Prosjektet skal også jobbe for å få på plass betre infrastruktur og tilrettelegging i område med mykje besøk. Prosjektet starta opp 01.10.2020. Stryn Næringshage tilsette våren 2020 ein person som skal jobbe spesielt opp mot landbruket og verksemdar tett knytt til landbruket. Han skal leie prosjektet.	Det er positivt at Stryn næring ynskjer å utvikle tilbodet til tilreisande i Stryn og Nordfjord, gjennom samarbeid med landbruksnærings. Måla i prosjektet er svært ambisiøse og ein legg i liten grad til grunn arbeid som tidlegare er gjort både lokalt og regionalt. Fjord Norge og Visit Nordfjord er viktige aktørar innan reiselivsnærings og har god innsikt i kva marknaden etterspør og krav til kvalitet. Innovasjon Norge gjennomfører marknadsundersøkingar og yter fagleg og økonomisk bistand til bønder som ynskjer å utvikle reiselivsprodukt knytt til garden sin. Mykje av kunnskapen og bistanden prosjektet ynskjer å bidra med, er såleis alt på plass og det er ikkje trong for å bygge opp støttefunksjonar som andre tilbyr.	0	0 %
15. Verdiskapning for lokalt og regionalt landbruk	Lokalmatringen AS	157 000	314 000	50 %	Prosjektet ynkjer å legge til rette for direkte sal frå lokalmatprodusent til forbrukar. Prosjektet har samla 50 bønder i Vestland. Prosjektet skal utvikle marknadsføring og distribusjonskanal. Det er ein utfordring for mange produsentar å vere synlege. Marknadsføring kan vere dyrt og vanskeleg for aktørar som ikkje kan PR og kommunikasjon. Ein felles samlingsplass og standardiserte formar kan gjere det enklare å nå ut til kunden. Prosjektet legg opp til at varen kan bli henta hos produsenten, levert ut på REKO arrangement eller bli sendt til forbrukar gjennom Posten eller Helthjem.	Prosjektet er godt og vil truleg vere nyttig for lokalmatprodusentane. Søkar er ein bedrift. Og sjølv om resultatet frå prosjektet vil vere nyttig for lokalmatprodusentar er prosjektet også vidareutvikling av ein bedrift og derfor ikkje innanfor rammene for denne ordninga.		0 %
16. Søknad om støtte til marknadsavklaring - Odelheim	Ståle Loftesnes	250 000	250 000	100 %	Det er sendt like søknader til både RK og RT. Søknaden vert handsama under RT. Dette er ein søknad frå to grunderar som vil etablere ei digital handelsplattform mellom gardbrukarar grunderar og private konsumentar som ynskjer å delta i bærekraftig verdiskapning.	Grunderar og bedrifter kan ikkje søkje om støtte verken frå RK eller RT. Søknaden fell utanom ordninga.	0	0 %

17. Søknad om prosjektmidlar: Aurland kjøle- og fruktlager SA som arena for lokal landbruksutvikling	Aurland kjøle- og fruktlager SA	250 000	500 000	50 %	<p>Aurland kjøle- og fruktlager SA (AKF) og Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP) har inngått ein intensjonsavtale om utvikling av eit verdsarvsenter. AKF skal ha ei eiga, men koordinert utvikling av underetasjen retta mot landbruket og lokal næringsutvikling. Føremålet med prosjektet er å reetablere rolla til Aurland kjøle- og fruktlager (AKF) som ei samarbeidsplattform for lokal matproduksjon og foredling. Søkjar vil aktualisere AKF og styrke rolla som støttespelar for landbruket i Aurland. Prosjektet vil innebere oppsummering av tidlegare utviklingsprosessar, kunnskapsinnhenting, , nettverksbygging, arrangement, vidareføring av lokalmatutsal, og ein mogleheitsstudie for utvikling av 1. etg på AKF. Forstudiet bygger på forprosjektet for verdsarvsenter på AKF som blei avslutta 2. oktober. Vi har ikkje motteke denne.</p> <p>Prosjektet tek sikte på å støtte opp under eit allsidig lokalt landbruk som er typisk for Indre Sogn og Vestlandet, og setje det i samband med verdsarven. Lokal matproduksjon skal trekkast fram i lyset og synleggjere samanhengen mellom aktivt landbruk og landskap i verdsarvområdet.</p> <p>Det skal opprettast ei prosjektstilling på 50% (mogleg splitta på fleire). Prosjektet vil bygge vidare på samarbeidsnettverket som er etablert gjennom forprosjektet til verdsarvsenteret med fleire samarbeidspartar. Prosjektperioden er 1. april 2021 til 30. september 2021.</p>	Søknaden er noko uklår, og omfattar fleire ulike aspekt. Vi tenkjer at desse midlane ikkje skal vere med å teste arrangement og lokalmatutsal, dette er også tiltak som i ein viss grad er testa før. Eit lokalmatutsal kan også vere konkurransevidande, men denne problemstillinga er ikkje vurdert her då vi ikkje meiner dette ikkje kan støttast . Ein del av arbeidet grensar i organisasjonsutvikling. Det er positivt med eit samarbeid som knyter verdsarvsenteret og reiseliv tettare til lokalmat og landbruksnæringa, men effekten vert vurdert som hovudsakleg lokal. Det er alleie utarbeid eit forprosjekt for verdsarvsenteret der vi ikkje har motteke rapporten, ein del av dette samarbeidet kunne gjerne vore kartlagt der. Søkjar har ein god del eigne midlar i finansieringsplanen, og vi tenkjer dette prosjektet kan løysast ved hjelp av desse midlane og ved å bygge på tidlegare arbeid og rapportar.	0	0 %
18. MatbygdaVoss	Matbygda Voss/ Willy Roger Jacobsen	640 000	672 000	95 %	<p>Dei overordna målsettingane for søknaden er å gjere Voss til et attraktivt reisemål for mat og drikk interesserte, synleggjere lokale mat og drikk tradisjonar med bakgrunn i landbruksnæringane og auke omsetninga for lokale produsentar gjennom salg av mat og drikk produkt på Vossamarknaden på Evanger. Det gjelder å skape eit miljø for mat og drikk kultur på Evanger som speiler mangfoldet, bredden og den særegne tradisjon</p>	MatbygdaVoss er søkjer. MatbygdaVoss er ein organisasjon. Målet med prosjektet er å skape aktivitet på Vossamarknaden på Evanger. Vossamarknaden er eit aksjeselskap. Formål er investering i og drift av fast eigedom og omseting av næringsmidlar. Prosjektet framstår som bedriftsutvikling og dermed ikkje innanfor rammene av den ordninga.	0	0 %
19. Verdsarvbygdi Undredal og primærnæringa i eit framtidig reiseliv	Opplv Undredal	190 000	822 800	23 %	<p>Forprosjektet ønskjer å arbeide for ein overordna plan for Undredal og dalføret, der landbruk, reiseliv og lokalsamfunnsutvikling er sentrale tema. Målet er å gjere det lettare å vidareutvikle og etablere næringsstiltak i ein heilskapleg retning som utnyttar næringspotensialet i dalen, som samtidig styrker den tradisjonelle primærnæringa med stølsdrift og produksjon av geitost. Forprosjektet har som mål å få tilslutning til ein visjon og strategi for verdsarvbygda Undredal og dalføret frå lokalsamfunn, grunneigarinteresse, offentleg forvaltning, verdsarvforvaltninga og sentrale næringsaktørar. Aktivitet knytt til forprosjektet vil vere å samanfatte rapportar frå tidlegare utviklingsprosessar i bygda og skissere ein plan til utviklingsstrategi for dalføret. Det skal også gjennomførast konseptutvikling på fleire område, mellom anna kaiar og tilkomst frå fjorden, Eldhuset besøkssenter, stølshotell, verdsarvhus og Norsk geitesenter.</p>	Prosjektet er retta mot Undredal og dalføret, og har liten regional effekt. Kun ein liten del av prosjektet er landbruksretta.	0	0 %